



Gunn Kvalvågnes

Keilegavlen 202 B  
5953 FONNES

Dykker ref. Sakshandsamar:  
Linda Folkestad

Vår ref. Telefon  
2011/1391 - 0 - 56375170  
19183/2011

Arkivkode: Dato:  
124/1 04.08.2011

## Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr. 124/1 (3 hytter), Keilegavlen.

Synet til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr. 124/1 motteke 05.07.2011. Vegavdelinga vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 3 hytter på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsla mot kommunal veg skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905), vegnormal 017 (før 1. mai 2008) og veglova §§ 40-43. Det vert blant anna stilt krav til svingradius, siktsone, snu på eigen grunn og drenering under avkjørsla. Forskrift av 1964 og veglova er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)
- Det skal opparbeidast sikt i avkjørsle frå kommunal veg. For å opparbeide sikt må terrenget sprengast ned slik at det i siktsona ikkje er sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegrinn. Siktsone vert konstruert ved hjelp av ei siktrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla (målt frå kant kommunal veg) og minimum 50m til kvar side av avkjørsla (målt langs kanten av kommunevegen). Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/bukarane av avkjørsla.
- Tilkomst inn på hyttetomtene skal skje via privat veg.

Dersom De har spørsmål vedrørende dette brev, ta kontakt med vegavdelinga på telefon 56 37 50 00.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf Lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.*

Med helsing  
for

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad  
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:  
Sveinung Toft

